

– Fyra held på å smuldre opp

FYR

Ordførarar frå kystkommunane i fylket vil møte Kystdirektøren i dag.

11 ordførarar og museumsdirektør i Romsdal, Jarle Sanden, gjer no ei felles opprop for å betre vedlikehaldet av fyra langs kysten i fylket.

– Fyra vår er ei stor kulturarv, og dei held på å smuldre opp, seier ordførar i Averøy, Ann-Kristin Sørvik.

Ansvar. – Vi er veldig bekymra. Dette er eit nasjonalt ansvar, og det er sorgjeleg at det ikkje skjer noko når det gjeld vedlikehald av fyra, legg ho til.



FYR: Haugsholmen fyr i Sande kommune. ARKIVFOTO: KARL P. LØVOLL

Ho viser blant anna til Hestskjær fyr i eigen kommune, og der Hurtigruta seglar forbi.

– Som minimum må veggjar og tak vere tette, slik at fyra ikkje forfell ytterleg. Enkelte fyr ser tragiske ut, og etter at fyra har blitt automatiserte, føler vi at dei er gløymt.

Tyngde. Ifølgje Sørvik er det første gong så mange ordførarar

går saman om dette for å få tyngde.

– Fyra er ein viktig del av skipsleia, og vi ønskjer å vere stolte av dei, seier ho.

Dei har sendt brev til Kystdirektøren og med kopi til fiskeri- og kystministeren.

– Vi er derfor glad for å få dette møtet med Kystdirektøren no, seier Sørvik.